

**Fra:** Elin Golten (Elin.Golten@hfk.no)  
**Sendt:** 13.10.2015 09:51:43  
**Til:** 'leikny@bergen.folkebibl.no'  
**Kopi:** Ruth Ørnholt

**Emne:** Bergen med i konsortium for e-lån i Hordaland?  
**Vedlegg:** image002.png

Hei Leikny,

Hordaland fylkesbibliotek skal snart sende ut eit anbod for innkjøp av utlånssystem for e-media for folkebiblioteka og skulebiblioteka i vgs. i fylket, då avtalen vår med Biblioteksentralen om BS Weblån går ut ved nyttår.

I samband med at vi no organiserer konsortiet for e-media i biblioteka i Hordaland på nytt, vil vi høyre om Bergen offentlige bibliotek i denne omgangen vil delta i konsortiet. Konsortiet vil som tidlegare bestå av felles teknisk utlånssystem og felles samling av e-media. Når det gjeld fordeling av kostnader, har dei andre folkebiblioteka i fylket godteke vilkåra under. Dersom Bergen skulle ønskje å delta, tek vi gjerne ei vurdering ang. vilkår, sidan de står i ei særstilling når det gjeld kommunestorleik.

Vilkår/ kostnadsfordeling:

- Med atterhald om budsjetthandsaming i Hordaland fylkeskommune, vil fylkesbiblioteket betale installasjons- og overføringskostnader dersom det blir aktuelt å skifte leverandør av utlånssystem.
- Driftskostnader vil tilkome kvart bibliotek. Kostnadane er avhengig av leverandør, og kor mange kommunar som deltek i konsortiet.
- Frå 2016 vil folkebiblioteka spleise på den felles samlinga i konsortiet, prosentandel dette vil utgjere av mediebudsjettet til biblioteka vil bli evaluert og justert årleg. I 2016 må biblioteka setje av 3% av mediebudsjettet sitt til e-media. Fylkesbiblioteket vil dekke ei tredjedel av kostnadene til innkjøp av e-media.

Veldig fint om de kan gje rask tilbakemelding om det er aktuelt for dykk å delta.

Venleg helsing

**Elin Golten**  
Spesialrådgjevar  
Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 93 73  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)